



| | Barn med generelt god trivsel | Barn med redusert trivsel | Barn med behov for tilrettelegging | Barn med behov for spesiell støtte | Barn med risiko for skade |
|--------------------|---|---|--|---|---|
| Barnet / ungdommen | <p>Barnet utviklar seg normalt, både sosialt, fysisk og intellektuelt.</p> <p>Normale og naturlege endringar i trivsel.</p> | <p>Barnet er utsett for lette, men konstante belastningar og viser teikn på mistrivsel.</p> <p>Barnet er utsett for ei større, men forbigåande belastning og viser teikn på mistrivsel – barnet kan t.d vere påverka psykisk og sosial av ei bestemt hending.</p> <p>Barnet kan ha utfordringar med språk, kommunikasjon, læring, motorikk, sosialt eller emosjonelt.</p> | <p>Barnet viser tydelege teikn på at der er noko gale/mistrivsel.</p> <p>Barnet gir signal i form av endra åtferd, - emosjonelt, sosialt, motorisk, språkleg, evt. redusert hygiene.</p> | <p>Barnet er utsett for belastning over tid og viser tydelege teikn på mistrivsel/at noko er gale.</p> <p>Barnet fungerer dårleg og utviklar seg i ei negativ retning på eit eller fleire utviklingsområde.</p> <p>Barnet kan ha vanskar med å knytte seg til andre eller skape relasjon til andre born eller vaksne.</p> | <p>Barnet mistrivst sterkt</p> <p>Barnet fungerer svært dårleg og viser tydelege teikn på forseinka utvikling.</p> <p>Barnet:</p> <ul style="list-style-type: none">- har psykiske lidningar- er kontaktsvak- misbrukar rusmiddel og/eller utfører kriminelle handlingar. |
| Foreldra | <p>God foreldreomsorg.</p> <p>Foreldra søker rådgiving dersom barnet i ei periode ikkje trivst.</p> <p>Foreldre søker hjelp ved å kontakte lege, helsestasjon, barnehage, skule ol.</p> | <p>Foreldreomsorga er god.</p> <p>Foreldre tek imot råd og rettleiing frå lærar, førskulelærar, helsesøster osv.</p> | <p>a) Foreldreomsorga er god.</p> <p>b) Foreldreomsorga er midlertidig redusert f.eks. på grunn av sjukdom, krise, dødsfall, arbeidsløyse.</p> | <p>a) Foreldreomsorga er god, men belastinga er stor.</p> <p>b) Foreldreomsorga er redusert.</p> | <p>a) Foreldreomsorga er god, men belastinga er stor</p> <p>b) Foreldreomsorga er utilstrekkeleg / svært redusert.</p> <p>c) fråverande omsorg. Foreldra er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske forhold, og/eller faktorar i nettverket.</p> |
| BTI | <p>Nivå 1</p> <p>Utfordringane vert handterte i eiga avdeling.</p> | | <p>Nivå 2</p> <p>Utfordringane krev bistand frå andre tenester.</p> | | <p>Nivå 3</p> <p>Utfordringane vert løyst i ei anna teneste.</p> |